



Sandra Kvant (26) frå Bergen er nyutdanna politibetjent. Ho har fått jobb ved lensmannskontoret i Kvinnherad og har busett seg i Uskedalen. Her er ho godt motteken og nemnar som døme at naboen har skaffa henne plass i jaktvald i Matre. Sandra satsar på å bli verande i Kvinnherad ei stund, Kommunen er passe stor til å gje henne allsidig og brei erfaring.

Lensmann Jan L. Fosse er glag for å ha fått kvinneleg innslag på kontoret og seier til Kvinnheringen at kvinnene gjerne møter utfordringane på eit litt annan måte. I enkelte situasjonar kan det difor vera best å senda kvinner ut.

Sandra har vore eitt år i praksis i Narvik som ledd i utdanninga over 3 år. Interesse for jobben fekk ho frå faren, som er politi i Bergen. Ho vart og tiltrukke av denne typen arbeid med menneske, at det alltid skjer noko nytt og at ulike hendingar krev ulik takling.

Foto: Kvinnheringen